

Protokoll frå styremøte Suldal IL



Møtenummer: 02 – 2022/2023

Dato: 22.juni 2022

Tidspunkt: 19:30-22:00

Stad: Foajeen

Til stades: Tom Gardsteig, Hege Hiim Steine, Venke Olene Vaarvik, Jon Bråtveit, Terje Gjuvsland og Kristine Bøe Berge

Forfall:

Sak 6/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

- Innkalling og sakliste godkjent utan merknadar.

Sak 7/22 Godkjenning av protokoll frå sist styremøte

- Protokoll godkjent utan merknadar.

Sak 8/22 Orientering saker v/leiar Helen Moen Gjuvsland

- Styremøtet føreslår onsdag 5.oktober eller laurdag 1.oktober som aktuelle dagar for besøk i kraftstasjon som gåve frå Statkraft i samband med 75-års jubileet.
- Idrettsrådet. Besøk av Gjert Smith, ansvar for idrettsråda og anlegg i Rogaland. I årsmøtet vart det blant anna omtalt verdien av idrettspolitisk arbeid og merksemda og verdisetta idrettslaga bør ha vedkommande frivillig arbeid, folkehelse og andre synergjar ein klubb med engasjement har i ein kommune. Viktig å ha med seg i det frivillige arbeidet laget legg ned.
- Reforhandla hovudsponsor. Me har avtalt med Statkraft at opsjonen (1+1) i år, 2023-2024 skal tre i kraft.
- Kulturmidler er søkt via portal Suldal kommune februar 2022
- Forsikringsavtale hjå IF. Helen sjekkar status på denne når kontingentane er innbetalt i haust.
- Bankbetigelsar, kontoar og kort er gjennomgått og ordna.
- Brønnøysundregister. Her må det inn ny informasjon med ny kasserar.
- Søknad SPV restfinansiering av akebakke Lysløyppa er avslått. Helen søker Gjensidige.
- Gjennomføring av Allidrettens SFO vart diskutert. Ein har fått klarsignal frå Vinjar skule tidlegare i år, men den økonomiske situasjonen er no endra, og skulen har ikkje råd til å dekkje utgiftene til gjennomføringa. Me sjekkar direkte med administrasjonen før me tek stilling til om opplegget må utsetjast til for eksempel våren 2023.
- Etterskrift: Rune Vaage tek på kasseraransvaret fram til ny kasserar er på plass.
- Etterskrift: Dato for besøk i kraftstasjon vert onsdag 5.oktober. Meir informasjon og påmelding kjem over sommarferien.

Sak 9/22 Orientering økonomi

- Medlemskontingent. Utsending av medlemskontingent og deretter ettergå lister. Kristine kan gå over listene etter medlemskontingent er fakturert og forfalt, og setja opp oversikt over medlem som av ulike årsakar ikkje er registrert i medlemsregisteret. Me ser at det har vore utfordrande å få inn medlemskontingent etter overgang til Minidrett. Trenarane må vera flink til å minna om innbetaling når faktura er komen ut. Styret legg ut informasjon på heimesida og FB.



- Helen har snakka med Rune Vaage om han er aktuelt å ta på kasseraransvaret ut året. Helen tek kontakt att med Rune for endeleg avklaring, og gjer nødvendige endringar i brønnøysundregisteret hjå banken, vipps etc. slik at han får nødvendige tilgongar.
- Rekneskapen er bokført per 20.april. og ca 110 bilag er kontert og ført i nytt rekneark for regnskapet.
- Medlemskontingent og skiltsponsorar vert fakturert så fort me kan, men førsteprioritet er å få oversikt over rekneskapen pr dato.

Sak 10/22 Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit

- Konstituering av fotballgruppa
 - o Astrid Gundersen, Siri Handeland, Svein Øystein Berge, Neri Fisketjøn, Jon Bråtveit (leiar)
- Suldalsserie og kretsseriar går sin gang.
- Røldalscup 3. sept og Suldalscup 10. sept.
- Invitasjon til veterancup 29.-30. oktober på Randaberg. Håpar å få til K29+, M34+ og/eller M39+
- Maling/beising av ballbu, innbyttarbenk og sittebenk. Ikkje tid før sommaren, men har fått inn forslag til maling/beising av ballbu og innbyttarbenk. Byter ut logo i møne på ballbu med bokstavane «SULDAL IL» i gult. Styremøtet går for forslaget.
- Folk er på saka for å fiksa granulatoppsamlarkassar og gjerder.
- Ymse
 - o Ønskjer grasrottenarkurs til hausten.
 - o Informerer om muligheit for å melde seg på fotballskular.
 - o Grussti på plass.
 - o Hjartestarta på plass.
 - o Nye sponsorar i Prestavikjo: Statnett, Stangeland. Eit par andre er vonaleg på veg.
 - Kan runda kr 50.000,- i året.
 - o Ønskjer å sjå «større» på deltaking i cup i åra framover. Mål om at spelarar i Suldal IL har fått reist på ein skikkeleg stor cup før dei går ut av ungdomsskulen.
 - o Sjekke høvet for Suldalsjentene å vera balljenter på Viking/FKH.
- Må leggast inn rutine for å låsa opp toaletta også under trening og skilta til toalett.

Sak 11/22 Orientering frå skigruppa

- Treningane går som normalt. Ikkje vore tilbud for 3. og 4.klassingane barmark/rulleski i vår.

Sak 12/22 Trimgruppa v/Terje Gjuvsland

- Hytta på Bjødlenuen er forseinka, offisiell opning etter skulestart i august. Suldal kommune kjem tilbake til dato for opning. Skilting frå begge sider og klopp over



myr frå Stråpasida bør koma på plass. Eventuell skilting kan ein søkja kommunen om å få dekkja.

- Ein må endeleg avklara forventning for tilsyn med kommunen og trimgruppa skal deretter utarbeida plan for tilsyn.
- Det ligg trekubbar i Bjødlenuten som skal kløyvast til ved. Dette arbeidet kan ein gjere no.
- Plan om å friska opp merking av sti-nett. Her kan trimgruppa søkje midlar hjå kommunen. Helen oversender aktuell link til kontaktperson hjå Suldal kommune.

Sak 13/22 Orientering frå økonomi v/Venke Olene

- Har kiosk på alle kampar.
- Fruktbeger er nykommar i kiosken og har vore suksess. Pølse i brød er etterspurt av kjøparane, men litt utfordring med å auka utval i kombinasjon med noko kummerlege arbeidstilhøve i kiosken.
- Har så langt gått fint å få folk på dugnad i kiosken – bra!
- Få inn i rutina med plukking av søppel rundt kiosken og benker. Svart dunk styrer fotballgruppa og betalar for kvar tømning. Ynskje om grøn dunk til papp. Fotballgruppa etterspør grøn dunk. Bør vurderer lås på dunkane. Metalldunk bør vekk. Venke Olene snakkar med moglege sponsorar for søppeldunkar ved sidan av kiosk.
- Helen spør om me kan få deponere den gamle søppeldunken hjå Statkraft/Svein Øystein.
- Olav Bakka Berge sjekkar pris på ny kioskbrakke.

Sak 14/22 Orientering og status «Prosjekt Prestavikjo» v/Jon Bråtveit

- Stor ressursgruppe jobbar med prosjektet, har hatt eit par møte.
- Prosjektskildring og budsjett er omtrentleg klart. Kjem til å senda det me har til kommunaldirektør og politikkarar snarleg.
- Har sendt nokre søknadar, og sender fortløpande før fristar går ut.
- Ynskjer å få slutført prosjektskildringa før ein sender til næringsliv.

Sak 15/22 Ymse

- Spond. Styret er positivt innstilt til å sjå på dette i haust. Hege og Kristine tek administrasjonjobben for å få det i gong?
- Sponsorflagg til kampar m.m. Styret går inn for å bestilla 100 flagg. Kristine bestiller inn til over sommaren.

Kristine Bøe Berge
Skrivar